



## Gjenbruk

- tema for jubileet i Møre og Romsdal

### Arbeid i lokallaga

Vi ynskjer at dei 33 lokale husflidslaga i fylket arbeider med dette tema på ein eller annan måte i løpet av året. For å hjelpe dei i gong har husflidskonsulenten laga til ein power-point bileteserie om gjenbruk. Denne kan lokallaga kan bruke sjølv på temakvelder eller dei kan invitere inn husflidskonsulenten eller andre andre til å vise bileteserien og har praktiske aktivitetar i tema gjenbruk. Vi ynskjer også å registrere og samle inn idear og framgangsmåtar til gode gjenbruksprodukt.

### Kurs

Siste helga i januar arrangere fylkeslaget stor kurshelg med 5 ulike kurs innan tema. Det vert kurs i gjenbruk av sykkelslange, gjenbruk av blikkboksar, gjenbruk av naturmateriale, omsaum av klede og gjenbruk av diverse materiale for barn.

Påmeldingsfristen har gått ut og alle kursa kjem i gong.

### Utstilling av gjenbruksprodukt

I samband med fylkesårsmøte i Molde i mars, vil vi lage til ei utstilling av gjenbruksprodukt som er samla inn frå heile fylket.

### Husflidsdagen 2010

På Husflidsdagen 11. september, vil alle lokallaga "okkupere" ferjene i fylket.

Her vil ein marknadsføre husflidsrørsla og jubileet med forskjellige aktivitetar og teknikkar. Målet er at alle som har reist med ferje denne dagen, skal få eit møte med husflidsrørsla på ein eller annan måte.

### Husflidsbutikkane og husflidshandverkarane

I tidsrommet 8.-18. september har vi planer om å få til salsutstillingar i dei 4 husflidsbutikkane i fylket. Her vil husflidshandverkarane i Møre og Romsdal få vise fram varene sine til kundar i butikkane.